



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 12.02.2014

Sak nr.: 14/629-4

Internt l.nr.: 5382/14

Sak: 11/14

Tittel: Søknad om endring av ruteplan

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Dagens avgang frå Måløy kl. 07.20 til Oslo skal starte på Eid.
- 2 Avgangen frå Måløy kl. 12.35 til Oslo skal starte i Måløy måndag, fredag, laurdag og søndag.
- 3 Avgangen frå Måløy kl. 21.05 til Oslo skal starte i Måløy torsdag, fredag og søndag.
- 4 Avgangen frå Oslo kl. 09.30 til Måløy skal gå til Måløy torsdag, fredag og søndag.
- 5 Avgangen frå Oslo kl. 15.30 til Måløy skal stoppe på Eid alle dagar.
- 6 Avgangen frå Oslo kl. 22.00 til Måløy skal gå til Måløy fredag, laurdag, søndag og måndag.
- 7 Endringane i ruteplanen gjeld frå 23.06.14.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet, Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Hovudutval for samferdsle avslår søknaden om endring av ruteplan
2. Hovudutval for samferdsle ser ikkje at den endra ruteplanen tilfredsstillar førestenadane om eit godt kollektivtilbod for brukarane og samanheng til det fylkeskommunale rutetilbodet. Dette er viktige førestnader for Fylkeskommunen si løyvetildeling

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesdirektøren fekk 1 røyst, Ole Gunnar Krakhellen, og fall. Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Helen Hjertaas, Arnstein Menes, Arnstein Ryssdal og Norunn Lunde Furnes røysta for framlegget frå Framstegspartiet, Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Hovudutval for samferdsle avslår søknaden om endring av ruteplan
- 2 Hovudutval for samferdsle ser ikkje at den endra ruteplanen tilfredsstillar førestenadane om eit godt kollektivtilbod for brukarane og samanheng til det fylkeskommunale rutetilbodet. Dette er viktige førestnader for Fylkeskommunen si løyvetildeling.

